



## Naustet i Snekkevika

Naustet i Snekkevika har høyt til husmannsplassen Snekkevika som låg under Littlelindås; gnr 152, bnr 10. I dag er våningshuset i bruk som fritidsbustad og har dei seinare åra blitt omsorgsfullt sett i stand. Frå våningshuset går stien ned til naustet som ligg lunt til i den søraustvende Snekkevika like ved Fosnstraumen. Namnet Snekkevik kan tyde på at i denne vika har vore båtopptrekk i lengre tid. Snekke var det langskipet vart kalla i vikingtida. I Fosnstraumen har det vore rikt fiske sidan steinalderen, noko dei talrike funna frå den tida tyder på. Det var også heimefiske dette naustet vart nytta til. Fiske i Fosnstraumen og nærliggande områder. Fisken vart frakta i fiskekister til Bergen i færing, anten for årar eller segl, for å bli solgt der.

Naustet, slik det står i dag, vart bygd kring 1890 med bruk av gjenbruksmateriale. Det er nytta både eldre kledningsbord og fiskekister i kledninga. I den berande konstruksjonen, som kan minne om grindkonstruksjon i prinsipp, er det og nytta mest gjenbruksmaterialar. Taket er tekt med teglpanner. Når det gjeld bakveggen, støa og den vesle kaien derimot er det murverk av beste kvalitet. Andreas Nordø, som utførte dette murearbeidet, livnærde seg delvis som tørrmurar, noko anlegget ber preg av.

Kulturverntenesta i Nordhordland v. underteikna var i August 2014 på synfaring til Snekkevika for å vurdere tilstand og kulturminneverdi til naust og tilhøyrande anlegg. Anlegget, med husmannsstova, tilhøyrande hage, florsmurar, den fint opparbeidde sjøvegen og naustet syner på ein fin måte korleis husmenn i Nordhordland utnytta dei ressursane dei hadde til rådvelde både til sjøs og på land. Det er ikkje mange husmannsplassar i Hordaland att og særleg ikkje på kysten. Naustet i Snekkevika har med bakgrunn i ovanfor nemnde tilhøve høg kulturminneverdi.

Som det går fram av vedlagt tilstandsrapport og restaureringsplan er naustet i svært dårlig stand og må sikrast før vinterstormane set inn. Difor må kanskje nokre av tiltaka beskrive i søknaden gjennomførast før eventuelt tilslagn på søknad vert gjeve. Dette er arbeid som må gjerast no om ikkje naustet skal ramle ned.

Arild Sætre

Sivilarkitekt

Museumssenteret i Hordaland

Salhusvegen 201  
5107 Salhus

Telefon: 55 25 10 80

[post@muho.no](mailto:post@muho.no)  
[www.muho.no](http://www.muho.no)

Org. nr.: 971 349 743

Konto nr.: 3625.19.69684

... ei stemme til tida...